

Fuglane veit

FUGLESONG: Når færre fuglar vender tilbake, er det ikkje berre naturen som forandrar seg. Også noko i oss blir fattigare, skriv Einar Tjelle. På bilete: Ein pilfink. Foto: Wikimedia Commons

FUGLESONG: Det er ingenting som er betre enn å bli vekt av fuglesong. Men songen har blitt stillare dei siste åra, og det må vi som kyrkje lytte til.

EINAR TJELLE

generalsekretær Mellomkyrkjeleg råd



Førsommaren i Noreg er for meg uløyseleg knytt til fuglesong. Med vindauga opne kan eg bli vekka av den intense og vakre songen til svarttrosten eller songlerka på morgonen. Det er mykje betre enn vekkerklokka! Men det gjer vondt å merke kor mykje som er blitt stillare. Når færre fuglar vender tilbake, er det ikkje berre naturen som forandrar seg. Også noko i oss blir fattigare.

Mange kyrkjelydar markerer Skaparverkets dag rundt 5. juni, som er verdas miljødag. Det er verdifullt. Samtidig kan ikkje omsorga for skaparverket vere ein merkedag åleine. Ho må bli ein del av pulsen i kyrkja: i forkynning, bøn og kvar-dagsliv.

Eg tenkjer ofte på tårnseglaren som vender tilbake til kyrkja mi, så og seie på dagen 17. mai etter ein vinter i det sørlege Afrika. Dei har floge uavlateleg og elegant – kan hende så mykjesom tre gonger rundt kloden, og sove på vengene, utan å lande. Så er den tilbake til nasjonaldagen. Tårnseglaren søkjer reiret under kyrkjespiret i Skiptvet, for han høyrer heime der. For meg er det ei påminning om at skaparverket ikkje er bakgrunnsstoff i trua, men at alt liv er vakkert vevd saman.

Trua lærer oss å lytte

Kyrkja har alltid hatt eit språk for dette. Bibelen er full av jord, vind, frø, tre, fisk og fuglar. Pinse- og skaparanden har form av ei due. Frans av Assisi er blitt eit førebilete fordi han møtte naturen som medskapning, ikkje som kulisser. Frans preikte for fuglane og lytta til dei. Trua bør ikkje gjere oss mindre merksame på naturen, men meir lydhøyre. Teologar før meg har vore fasinert av fuglar og natur – og med latinkunnskap har dei til og med vore med å prega dei vitskaplege namna. Dette er kanskje grunnen til at fleire av våre fuglar med «kongeleg topp» har Christatus i namnet, til dømes toppdykkaren eller toppmeisen?

Eg fekk tidleg ringmerklingslisens og har prøvd å følge med på bestandssendingar i mange år. Mange av artane som var vanlege då eg var ung, er i dag på raudlista, eller tala har gått drastisk ned. WWFs siste Living Planet Report viser ein gjennomsnittleg nedgang på 73(!)

prosent i overvaka bestandar av virveldyr sidan 1970. Sjøfuglane er hardt råka. Då eg besøkte fuglefjellet Runde som ung var det 3 millionar kaklande og fargesprakande lundefuglar i den stupbratte fjellsida. I dag er det berre 400.000 att. Tal må forståast rett, men alvoret er ikkje til å kome bort frå: Naturtapet er omfattande og menneskeskapt. Vipa ser eg ikkje lenger her egbur no. Berre på ei par ti-år har den måtte gje tapt.

Ropet frå ei såra jord

Kyrkja treng treng å lytte til, og sjølv istemme eit forsterka rop om miskunn for ei skadd jord. Og styresmaktene lokalt og nasjonalt treng å høyre kva som skjer på si vakt. Når fuglaneteier, må vi høyre stilla som eit kall til omvending – ikkje til motløyse, men til ansvar. Vi må tydeleg tale våre medskapningars sak.

Årsakene kjenner vi: naturøyeleggingar, intensivt landbruk, og overfiske, forureining og klimaendringar. Difor kan ikkje svaret frå kyrkja nøye seg med vakre ord. Kjærleik til skaparverket må få praktiske uttrykk. I Jobs bok les vi:

«Men spør du dyra, skal dei lære deg, og himmelens fuglar, dei skal seie deg det, eller tal til jorda, og ho skal lære deg, og fiskane i havet skal fortelje deg det.»

Spørsmålet er om vi framleis evnar å lytte når røystene frå naturen blir veikare. Kanskje er noko av kyrkja sitt kall i vår tid å hjelpe menneske til å høyre både lovsongen og naudropet i skaparverket.

Kva kan kyrkja gjere?

Kyrkjelydar kan løfte skaparverket inn i gudsteneste, undervisning og bøn. Dei kan forvalte kyrkjer, gravplassar og uteområde på måtar som fremjar insektsliv og artsmangfald. Slik kan omsorga for jorda bli ein del av kristen disippelskap, ikkje eit sideprosjekt. Internasjonalt er Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrka engasjert i både klimarettferd, vern av regnskog og arbeid for biologisk mangfald. Verdskyrkjerådet har erklært eit ti-år for vern om skaparverket, og det er eit auka engasjement i dei store kyrkjefamiliane for å etablere ei eigahøgtid for skaparverket, ein Feast of Creation.

Difor vonar eg at vi denne førsommaren ikkje berre nyt fuglesongen, men òg lèt oss undervise av han. Om himmelens fuglar framleis har noko å seie oss, burde kyrkja vere mellom dei som lyttar først.